

Valestrand skule sine retningslinjer i forhold til sjukdom hjå elevar

Retningslinjene er utarbeidd av folhelseinstituttet (smittsomme sjukdommer i skule og barnehagar, www.fhi.no).

Korleis førebyggje smitte av sjukdom på skulen?

Det viktigaste ein kan gjere for å halde seg frisk, er å ha god handhygiene. Ein god vask med vatn og såpe er viktig før ein et, og etter toalettbesøk. I tillegg har vi nokre retningslinjer for smittsame infeksjonar og sjukdommar.

Kva tid skal barn haldast heime fra skulen?

Barn med feber: Barn med feber bør haldast heime til dei er feberfrie. Dette er både for barnet sitt beste og for å forebyggje smitte til medelevar. Det vert rekna som feber dersom barnet har mer enn 37,5 grader om morgonen og 38,0 grader om kvelden.

Barn med diare og oppkast: I tilfelle med diare og/eller oppkast bør barnet haldast heime to døgn etter at dei er symptomfrie.

Barn med kraftig øyekatar (konjunktivitt): Barn bør haldast heime til pussdannelsen har avtatt. Barnet kan gå på skulen ein dag etter oppstart av behandling hjå lege.

Barn med brennkoppar: Barnet skal være heime til såra er under kontroll. Sårsekretet kan bli påført andre skulebarn direkte og indirekte gjennom kontaktpunktet. Det må være sett i gang behandling minst ein dag før barnet kjem tilbake på skulen.

Kikhoste: Ved behandling tidleg i sjukdomsforløpet skal barnet vere smittefri fem dagar etter igangsatt behandling. Barnet skal da haldast heime. Dersom det er seint i forløpet er det nok med ein dag etter starta behandling.

Vannkoppar. Barn som får vannkoppar skal holdes heime til skorpene er tørka inn. Dette tar ca. ei veke fra utslettet kjem til det er tørka inn.

De kan og gå inn på heimesidene til folkehelseinstituttet www.fhi.no for meir informasjon.

Bente Brurås

Helsesøster